



# Siste damploket på Bergensbanen?

**STEMNING:** Mykje folk tok imot toget på Gulsvik stasjon. Gamle tog er ein attraksjon. (FOTO: ARNE O. LINDAHL)

For første gong på ti år tøffa eit tog med damplokomotiv oppover Hallingdal til Ål fredag ettermiddag. Det kan ha vore det siste.

MAGNUS LINDAHL  
mli@hallingdolen.no

Årsaka er at Bane Nor skal fornye signalanlegga og erstatte dagens teknologi med ERTMS (European Rail Traffic Management System).

Innan 2030 skal dei fleste strekningar ha innført det felles signalsystemet for alle europeiske land.

- Det er det som effektivt vil stoppe køyring på damp, iallfall inntil ein får installert slikt utstyr på damplokomotiva, seier Bjørn Halling i Norsk Museumstog.

## Kostbart system

Det er Norsk Museumstog som køyrer toget som kom oppover Hallingdal frå Hønefoss fredag ettermiddag.

I samband med Norsk Jernbaneklubbs 50-årsjubileum arrangerer Norsk Museumstog fem medlemsturar. Heile

jubileumsturen går til Bergen. Retur er sundag. Det er ti år sidan sist lokomotivet køyrde gjennom Hallingdal. Den gongen var det i høve Bergensbanens 100-årsjubileum. Halling vil ikkje avskrive at det kjem til å bli køyrd med damplok på Bergensbanen også etter at ERTMS er innført.

- Men systemet er kostbart. I Norsk Museumstog køyrer me mykje med elektriske lok og diesellok. Me må prioritere dei når ERTMS kjem. Men noko anna enn det stoppar ikkje køyringa på Bergensbanen, seier Halling. Dessutan vil det vere mogleg å køyre fram til systemet er innført.

- Me vil gjerne halde fram, kanskje med eit tog i året, men det må vere eit høve til å gjere det, seier Halling.

## Infotavler

Fredag ettermiddag vart det for

mange eit nostalgisk gjensyn då lokomotivet med nummer 271 tøffa oppover Bergensbanen.

I ti år har det stått i stallen, men no er det pussa opp. Første stopp på turen til Bergen var Gulsvik stasjon. Hit kom toget kring klokka 13.30. Og der var det stor stemning og mykje folk med ordførar Tor Egil Buøen i spissen som nytta høvet til å markere dagen litt ekstra. For Gulsvik stasjon hadde ein sentral plass og vart ein knutepunktstasjon i bygginga og drifta av Bergensbanen. Stasjonen vart lagt ned i 1987, men er no eit lite jernbanemuseum. Buøen innvigde fem infotavler på stasjonen om historia basert på tekstar som Torgeir Medbøen utarbeida før han døyde. Idet Buøen var ferdig, bles toget i fløyta og dampa vidare mot Nesbyen.

## Vatn og kol

På Nesbyen stasjon stoppa toget i kring 20 minutt.

Det heldt akkurat til at loko-



**MUSEUM:** Utanfor Gulsvik stasjon var det innvigd fem infotavler om historia til stasjonen.

motivet fekk fylt på med vatn.

- Me treng vatn. Derfor har me avtale med brannvesenet som skal fylle vatn i Nesbyen, seier Halling.

Frå Ål stasjon fredag ettermiddag gjekk toget med elektrisk lok til Bergen. Sundag ettermiddag kjem toget attende

med elektrisk lok og byter til damp på Ål.

- Den gongen dei køyrde med damp, bytta dei lokomotiv på Ål. Då var det faste koldepot og vasstårn langs jernbanen, men no er jo alt borte. Derfor har me sendt opp ein bil med kol til Ål, seier Halling.

## KJØKKENFORNYELSE

Vi bytter dører, skuffer, benkeplater, vask og leverer hvitevarer, uansett type og alder på ditt kjøkken!

**Fra gammelt til nytt kjøkken på en dag!**

TA KONTAKT MED OSS DERSOM DU ER LEI AV:

- ✓ Umoderne eller slitte dører
- ✓ Hakk og riper i benkeplate
- ✓ Utslitte hengsler
- ✓ Dårlige skuffer
- ✓ Stygg kjøkkenvask
- ✓ For lite plass
- ✓ Upraktiske løsninger

## Spar tusenlapper

på vår sommerkampanje

GRATIS BEFARING OG KOSTNADSOVERSLAG!

Ring for avtale

**958 76 841**

trond@proform.as

**proform**<sup>®</sup>  
Kjøkken - garderobe - bad